

trappehallen i stortingsbygningen søndag 4. oktober kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Møtet hevet kl. 12.

Møte fredag den 2. oktober kl. 13.

President: *I n g v a l d s e n.*

Åpning av det 115. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 115. ordentlige Storting ved dets åpning.

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Norge vil delta aktivt i De forente nasjoner og bidra til å øke verdensorganisasjonens fredsskapende og fredsbevarende evne. Norge vil fortsette arbeidet for å styrke FN's og internasjonale hjelpeorganisasjoners muligheter til å yte humanitær bistand i katastrofesituasjoner.

Norge vil fortsatt trygge sin sikkerhet gjennom deltakelse i den nord-atlantiske forsvarsorganisasjon og vil sammen med sine allierte og andre land aktivt støtte opp om forhandlinger som kan lede til en rettferdig og varig fred i Europa.

Innenfor FN og NATO vil Norge fortsatt bidra til arbeidet for å søke gjennomført rustningskontroll- og nedrustningstiltak.

Norge vil bidra til en videre styrking av det internasjonale regelverk mot forurensninger, herunder for havområdene.

På grunnlag av den nye plan for bevilgninger til offentlig utviklingshjelp, som innebærer en tredobling av disse bevilgninger i tiden 1970–74, vil Regjeringen legge økt vekt på en effektiv og betryggende anvendelse av bistandsmidlene. Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om visse retningslinjer for norsk bistandsvirksomhet.

Vårt land vil bidra til å fremme utviklingslandenes utenrikshandel for derved å oppnå en raskere løsning av deres økonomiske problemer. Det forberedes i den forbindelse forslag for Stortinget om et tollpreferansesystem for disse land.

Norge vil fortsatt arbeide for friere handel og samkvem mellom alle land, herunder også for videre utbygging av de økonomiske forbindelser med de østeuropeiske land.

Regjeringen ser med uro på tendensene til økt flaggdiskriminering og Norge vil, i samarbeid med andre skipsfartsland, fortsette bestrebelsene på å trygge like vilkår i konkurransen om fraktene.

Under forhandlingene om medlemskap i et utvidet EEC vil Regjeringen gå inn for å oppnå vilkår for tilslutning som vil sikre utbyggingen av alle landsdeler og næringer. Regjeringen vil legge stor vekt på å bevare og videreutvikle samarbeidet i Norden og sikre den frihandel som er oppnådd gjennom EFTA. Det vil under forhandlingene bli holdt nær kontakt med Stortingets organer og organisasjonene i arbeids- og næringslivet.

Tiltakene til fremme av vår eksport vil bli effektivisert og bedre samordnet. Vår informasjonsvirksomhet i utlandet vil bli utvidet.

En hovedmålsetting for Regjeringens politikk er å styrke innsatsen på de områder som har betydning for miljø og trivselsforholdene i samfunnet.

Disponeringen av landets ressurser vil skje i samsvar med de mål Regjeringen har satt i langtidsprogrammet for 1970–73.

Den økonomiske politikk er lagt opp med sikte på en sterk og balansert vekst og en rimelig inntektsfordeling.

Prismyndighetene vil ved prisovervåking og prisundersøkelser nøye følge med i det som skjer med prisene og er innstilt på å gripe inn dersom det viser seg å være tendenser til urimelige pristillegg.

Det vil bli lagt særlig vekt på å skape grunnlag for ny og mer variert næringsvirksomhet i de svakere utbygde distrikter.

Nye virkemidler vil bli foreslått tatt i bruk i distriktutbyggingen.

Garantirammen for Distriktenes utbyggingsfond forutsettes utvidet. Melding vil komme om arbeidet med landsdelsplanleggingen, prøvesentrene og utviklingsområdene.

Det vil bli lagt fram melding om utbyggingsplanene på Mongstad i Nord-Hordland. Forslag om statens medvirkning til reisning av en sponplatefabrikk i Sørreisa og spørsmålet om utbygging av Norsk Koksverk vil bli forelagt Stortinget.

Forslag til organisasjon av statens undersøkelser av kontinentalsokkelen og et program for seismiske undersøkelser vil bli fremlagt. Spørsmål i forbindelse med utlandføring av olje fra Ekofiskfeltet i Nordsjøen vil bli forelagt Stortinget. Det vil komme lovforslag om konsesjonsplikt for oppføring og drift av atomkraftverk.

Fiskeriutdanning på høyskolenivå vil bli igangsatt og et forskningsråd for fiskerinæringen foreslått opprettet. Stortinget vil få melding om rettleidingstjeneste i fiskerinæringen og proposisjon om norske tråleres adgang til fiske innenfor fiskerigrensen etter 1. juli 1971. Proposisjoner om nye lover om arbeidsforhold i fiske og om Statens Fiskarbank skal legges fram.

Det vil bli utarbeidet forslag til revisjon av hovedavtalen for jordbruket. Forslag til ny konsesjonslov vil bli lagt fram. Et landbrukets utbyggingsfond vil bli opprettet og forslag til Stortinget fremmet om organiseringen av forsøksvirksomheten i jord- og hagebruk.

Det vil søkes lovhjælp for regulering av laksefisket på havet i samsvar med internasjonale avtaler.

Stortinget vil bli forelagt spørsmålet om en ferieordning for jordbruks- og fiskeribefolkningen.

Regjeringen vil fremme proposisjon om opprettelse av et fond for markeds- og distribusjonsforskning.

Det vil bli lagt fram melding om trafikksikkerhetsarbeidet med forslag om tiltak for å begrense de store personskader og tap av menneskeliv den stadig økende trafikk medfører.

Melding om jernbanens fremtidige drift vil bli tilstillet Stortinget.

Det vil i samarbeid med fylkene bli arbeidet med en plan for utbygging av veger/ferjeforbindelser til områder som ennå mangler vegtilknytning. Arbeidet med vegplan for byer og tettsteder vil bli satt i gang.

Stedsvalg for ny hovedflyplass i Østlandsområdet vil bli lagt fram for Stortinget. Anlegget av kortbaneplasser i Lofoten/Vesterålen og stamflyplass på Evenes skal påbegynnes.

Regjeringen vil foreslå for Stortinget å utvide støtten til grunnlagsinvesteringer og kommunale utbyggings tiltak.

Ytterligere tiltak som kan øke tilgangen på byggeklare tomter og skape bedre boligmiljøer vil bli satt i verk og proposisjoner om endringer i borettslovene satt fram.

Det vil bli fremmet forslag om en landsplan for vassdrag som på grunn av naturvern- og friluftshensyn ikke bør utbygges, og om opprettelse av et vassdragstilsyn. Stortinget vil få framlegg til nye lovregler om sikring av strandområder ved sjøen, og behovet for regler om grunnutnyttningen langs elver, innsjøer og vann vil bli utredet.

Nye tiltak mot forurensning vil bli foreslått satt i verk.

Regjeringen vil ta stilling til en omorganisering av den sentrale forvaltning, bl. a. med

sikte på en bedre samordning av administrasjonen på de områder som er av betydning for ressursdisponeringen og naturvern og friluftsførmål.

Regjeringen vil i forståelse med nærings- og arbeidslivets organisasjoner søke å komme fram til mer effektive former for samarbeid om samfunnsøkonomiske spørsmål.

Når endelig innstilling fra Arbeidstidskomiteen foreligger, vil spørsmålet om lovfesting av 40 timers arbeidsuke for skiftarbeidere bli forelagt Stortinget. Det vil bli etablert en ordning med dagpenger av arbeidsløsetrygden også for selvstendige næringsdrivende over 65 år. Melding om retningslinjer for vernet sysselsetting og forslag til regler for firmaer som leier ut arbeidskraft vil bli fremlagt.

Det vil bli lagt fram en melding om lønnskatt og forslag om skattemessige forholdsregler for å motvirke prisstigningen på fast eiendom. Regjeringen vil fremme forslag til lov om utmålinger av erstatning ved ekspropriasjon og om endringer i skjønnsordningen.

Det vil bli foreslått mer effektive bestemmelser om plasseringsplikt i penge- og kredittloven.

Redningstjenesten vil bli ytterligere styrket ved innkjøp av store redningshelikoptre. Det vil bli opprettet et polarråd.

Det vil bli fremsatt forslag til endringer i straffeloven med sikte på å innføre et eget straffebud rettet mot kapring av luftfartøy.

Politiets bemanning og ressurser for øvrig vil bli økt med sikte på å trygge den alminnelige fred og orden, herunder trafikksikkerheten på vegene.

Forsvaret vil bli bygget ut i samsvar med den vedtatte langtidsplan. Arbeidet med en omlegging av den regionale og lokale forsvarsorganisasjon føres videre. Soldatenes økonomiske og sosiale kår vil bli viet særlig oppmerksomhet. Foruten bedre økonomiske ytelser vil det bli lagt fram forslag om endringer vedrørende kantinedriften, tillitsmannsordningen og regler for politisk virksomhet i Forsvaret.

I forbindelse med forhøyelse av folketrygdens grunnbeløp fra 1. januar 1971 vil det bli fremlagt forslag om nye regler for regulering av ytelsene. Lempning i vilkårene for å oppnå full pensjon i pensjonstrygden for fiskere og nye bestemmelser om kontantytelser til pasienter i helseinstitusjoner og pensjonister på aldershjem vil bli foreslått.

Utbygging av vernehjem, sykeavdelinger m. v. for alkoholskadede vil bli gitt høy prioritet.

Stortinget vil få melding om organiseringen

av helsetjenesten utenfor anstalt og videre om utbyggingen av åndssvake-, astma- og epileptikeromsorgen.

Det vil bli fremmet forslag om en betydelig forhøyelse av støtten til hjelpeordninger for hjemmene og til daginstitusjoner for barn.

Det vil bli foreslått større tilskudd til familievernkontorer, bl. a. med sikte på arbeidet for vanskeligstilte gravide, og fremmet forslag til lov om helsestasjoner for mor og barn.

Forslag vil bli fremmet om regulering av reklame for tobakk og alkohol.

Undervisningstilbudet for funksjonshemmede vil bli utvidet.

Proposisjon om ny lov for folke- og skolebibliotek og om lærerutdanning skal fremmes.

Det vil bli fremlagt stortingsmelding om tiltak for idrett og fysisk fostring.

Regjeringen vil på basis av tilråding fra Hovedkomiteen for norsk forskning legge fram melding om organisasjonsstruktur og prioritering av forskning som kulturfaktor og som virkemiddel i løsningen av viktige samfunnsoppgaver.

Spørsmålet om hvilken rolle radio og fjernsyn bør spille i undervisningen, herunder voksenopplæringen, vil bli lagt fram i en stortingsmelding. Regjeringen vil legge fram forslag angående retningslinjer for den videre utbygging av universiteter og høyskoler, teatervirksomheten og utbygging og drift av museer.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 115. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Eika:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har halde fram med å engasjere seg aktivt i det politiske, økonomiske, sosiale og humanitære samarbeidet i Dei Sameinte Nasjonane og i andre samarbeidsorganisasjonar som landet er med i. Det er lagt særleg vekt på å styrkje dei vilkår FN har til å løyse konflikhtar og å gjennomføre fredsvernande tiltak. Samtidig har ein frå norsk side hatt interessa retta mot det arbeidet FN har teke opp på nye område — her kan nemnast miljø- og naturvernsaka og fredelig utnytting av havbotnen.

Noreg har halde fram med å ta del i Atlanterhavssamarbeidet for å verne om tryggleiken til landet. Innanfor denne organisasjonen har Noreg teke del i arbeidet med å klarleggje dei forsvarsproblema alliansen står

andsynest i 1970-åra. Saman med sine allierte og andre land har Noreg også arbeidd for tingingar som kan rydde grunnen for ein rettferdig og varig fred i Europa. Noreg har teke aktivt del i arbeidet innan alliansen for tiltak til å avgrense rustningane.

Noreg har støtta arbeidet med å få i stand ein vel førebudd konferanse om europeiske tryggingsspørsmål og samarbeid og der også USA og Canada kan vere med. Samstundes er det lagt vinn på å byggje ut kontaktar og samarbeid på det praktiske planet med dei austreuropeiske landa. Det er m.a. gjort avtalar om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid med Ungarn og Bulgaria. På det tosidige planet er det innleidd førebuande drøftingar med Sovjetunionen om grenselinene for kontinentalsokkelen i Barentshavet.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet i FN's organ med rustningskontroll og nedrustning. Traktaten om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen vart sett i verk 5. mars, og Noreg har gjeve Det internasjonale atomenergibyrået melding om at ein er reie til å innleie drøftingar om dei kontrolltiltak avtalen reknar med. Arbeidet med å fullføre det deteksjonsseismologiske anlegget NORSAR har halde fram. Når anlegget kjem i full drift neste år, vil Noreg kunne yte eit verdfullt tilskott til arbeidet med å få i stand ein fullstendig prøveavtale. Noreg har vidare engasjert seg aktivt i arbeidet for å komme fram til ein omfattande avtale for å tryggje ei fredelig utnytting av havbotnen. Noreg har såleis gjeve si støtte til avtaleutkastet om forbod mot å plassere masseøydleggingsvåpen på havbotnen.

Noreg har halde fram med å ta del i og gje tilskott til humanitært hjelpearbeid i utlandet. I samband med jordskjelvkatastrofen i Peru i mai vart den norske kirurgiske katastrofeininga og det kombinerte felt- og hygienelaget sette inn i hjelpearbeidet. Det er også gjeve hjelp i samband med naturkatastrofane i Tunisia, Tyrkia og Romania. Det har vore arbeidd vidare med det norske initiativet i FN til å styrkje dei utvegane som internasjonale hjelpeorganisasjonar har til å yte humanitær hjelp til sivilfolket i katastrofesituasjonar. Målet er å nå fram til bindande internasjonale reglar på området.

Dei samla offentlege tilskotta til utviklingshjelp, humanitær hjelp medrekna, gjekk i fjor opp i ca. 214 mill. kroner, og utgjorde dermed 0,31 prosent av brutto nasjonalproduktet. For det inneverande budsjettåret er løyvingane auka til 285 mill. kroner. Av denne summen er 20 mill. kroner ekstraordinært tilskott til Verdas matvareprogram.

I samsvar med den planen for å auke løyv-

ingane til utviklingshjelp som vart godkjend av Stortinget i juni, tek Regjeringa sikte på å nå det internasjonale målet for samla overføringar på 1 prosent av brutto nasjonalproduktet innan utgangen av 1974. Dei offentlege ytingane har vore skifta i om lag like store delar mellom fleirsidig og tosidig hjelp.

Av dei fleirsidige tilskotta har ca. 50 prosent gått til dei hjelpeprogram FN står føre — først og fremst til FN's utviklingsprogram (UNDP) og til Verdas matvareprogram, og ca. 40 prosent til Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) og dei regionale utviklingsbankane for Asia og Latin-Amerika. Når det gjeld familieplanlegging er det gjeve finansiell støtte hovudsakleg gjennom FN's folkefond, OECD's folkesenter og eit særskilt UNICEF-prosjekt i India. Om lag 10 prosent av dei samla løyvingane til utviklingshjelpa er det føresetnaden skal brukast innanfor ramma av det utvida familieplanleggingsomgrepet.

Auken i løyvingane til den tosidige hjelpa og til nordiske prosjekt er for største delen brukt til vidare utbygging av den faglege, materielle og finansielle hjelpa til India og Pakistan — medrekna leveransar av kunstgjødsel — og til land i Aust-Afrika. Det er innleidd tingingar om nye prosjektavtalar med Kenya og Tanzania. Det er ytt lån til India, Kenya og Tyrkia.

Noreg er sidan 1969 medlem av FN's økonomiske og sosiale råd som er det sentrale overordna organet for utviklingshjelp innanfor FN-systemet.

Direktoratet for Utviklingshjelp har bygd ut administrasjonen sin og har styrkt representasjonen på dei respektive stadene ved at det er knytt hjelp-attachéar til Noregs ambassadar i Kenya, Uganda og Tanzania.

Både på det tosidige og fleirsidige planet har Noreg arbeidd vidare for å styrkje det handelspolitiske samarbeidet i Europa og for å skape friare konkurransetilhøve i verdshandelen.

Ved kgl. resolusjon 6. mars vart det gjeve fullmakt til å underskrive avtaleutkastet om utbygging av det nordiske økonomiske samarbeidet. Men same månaden vedtok den finske regjeringa førebels ikkje å underskrive NORDØK-avtalen, og dei andre landa utsette derfor også spørsmålet om underskriving.

Drøftingane om vilkåra for Islands medlemskap i EFTA vart avslutta i 1969. Landet vart medlem av organisasjonen frå 1. mars 1970. I tilknytning til at Island vart medlem av EFTA, skipa dei nordiske landa eit industrialiseringsfond for Island med ein grunnkapital tilsvarande 100 mill. n. kroner. Av denne summen er Noregs del ca. 19,3 mill. n. kroner. Etter inngåande drøftingar både bilateralt og i

EFTA, vart det i 1969 oppnådd semje mellom Storbritannia på den eine sida og dei skandinaviske landa og Island på den andre, om vilkåra for eksport til Storbritannia av frosen fiskefilet frå EFTA-landa.

På regjeringssjefmøtet i Haag 1.—2. desember 1969 vedtok EEC-landa å ta opp tingingar om ei utviding av det europeiske fellesskapet med dei fire landa som hadde søkt om medlemskap. Etter at EEC-landa hadde fullført dei interne førebuingane sine, vart tingingane offisielt opna i Luxembourg 30. juni. Noreg hadde vidare eit forhandlingsmøte 22. september.

Noreg har teke aktivt del i internasjonalt samarbeid med sikte på å avvikle dei hindringane på verdshandelen som ikkje heng saman med toll. Like eins har Noreg teke aktivt del i arbeidet med å leggje tilhøva betre til rette for utviklingslanda sin handel, m. a. har ein komme eit godt stykke vidare i arbeidet med utforminga av eit preferansesystem til beste for eksporten frå utviklingslanda.

Stortinget har vedteke å skippe eit utviklingsfond for Latin-Amerika på 2 mill. dollar under administrasjon av Den inter-amerikanske utviklingsbanken. Samtidig har ein gjeve denne banken høve til å ta opp lån på 4 mill. dollar hos norske bankar.

Noreg har gått inn for å vere med på ei fordobling av tilskotta til Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) i den kommande 3-årsperioden og har gjeve tilsegn om dette med atterhald om at Stortinget samtykkjer.

Stortinget har vedteke å utvide Noregs kvote i Det internasjonale valutafondet og auke Noregs kapitalinnskott i Den internasjonale banken for attreisning og utvikling (Verdsbanken).

Stortinget har vedteke å endre føresegnene om statsgaranti ved eksport. Endringa fører med seg ei auking av ramma for statens garantiansvar i samband med vanlege eksportkredittgarantiar frå 1 500 mill. kroner til 2 000 mill. kroner.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale skipsfartspolitiske samarbeidet for å hindre nye restriksjonar mot fri internasjonal skipsfart. Noreg har i samband med dette gått inn for positive alternativ til restriksjonar som virkemiddel i oppbygginga av handelsflåten i utviklingslanda.

Innan romteknologien er eit omfattande internasjonalt samarbeid i emning. Noreg har teke aktivt del for å kunne følgje med i den teknologiske utviklinga og freiste å utnytte dei vilkåra som norsk industri har for leveransar til internasjonale prosjekt.

Noreg har styrkt informasjonsverksemda i utlandet om norsk økonomi, politikk og kul-

1970. 2. okt. — Åpning av det 115. ordentlige Storting.

tur, og arbeidet med dette er no samordna i Rådet for Noregs-informasjon.

Den klaga som Noreg, Danmark og Sverige førte fram mot Hellas for Den europeiske menneskerettskommisjonen, førte til at kommisjonen konstaterte at Hellas hadde brote konvensjonen. På grunnlag av rapporten frå menneskerettskommisjonen vedtok ministerkomiteen i Europarådet samrøystes at Hellas hadde krenkt konvensjonen på ei rad punkt. Noreg gjorde deretter saman med Danmark og Sverige framlegg om at Hellas skulle suspendrast som medlem av Europarådet. Da dette framlegget fekk brei støtte i ministerkomiteen, valde Hellas sjølv å trekkje seg frå Europarådet.

I F o r s v a r e t har ein arbeidd vidare etter dei hovudlinene som er fastlagde i langtidsplanen for åra 1969—73. Det er lagt særleg vekt på tiltak som kan gjere forsvarsorganisasjonen enklare og meir effektiv, og kan frigjere personell for andre viktige oppgåver. Detaljutforminga av Forsvarets overkommando er ferdig, og det meste av personellet i den nye organisasjonen er tilsett. Det er gjort vedtak om å skipe ein regional felleskommando for Nord-Noreg og ein for Sør-Noreg. Utskifting av eldre materiell går etter planen og store mengder høgverdig utstyr er levert frå norske verksemdar.

FN-bataljonen har hatt repetisjonsøving og så det siste året.

Det er gjort fleire utgreiingar på område som har å gjere med dei økonomiske og sosiale kårane til menneskane. Desse spørsmåla har også vore drøfta på ein landsdelskonferanse for tillitsmenn.

Bergingstenesta er styrkt, særleg til sjøs. Ein landsomfattande organisasjonsplan er sett i verk. Fast personell er tilsett ved hovudbergingssentralane i Stavanger/Sola og i Bodø. Det er gjort leigeavtale om bruk av store, sivile helikopter i bergingstenesta, og kontraktstingingar om innkjøp av nokre store helikopter er på det næraste fullførte.

Frå 1. juli 1970 er det skipa eit direktorat for sivil vernebuving. Dermed vil ein få oppfylt behovet for eit sentralt organ med den oppgåva å dra opp sams retningslinjer for den sivile vernebuvingssplanlegginga og å tene som ein koordinerande lekk under denne planlegginga.

F o l k e m e n g d a var 3 891 000 pr. 1. oktober 1970, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

A r b e i d s m a r k n a d e n har hittil i år vore mykje strammare enn i same tidsrom i fjor. Det har vore rekordauke i sysselsetjinga av lønnstakarar, og enda om talet på syssel-

sette sjølvstendige har gått noko meir ned enn vanleg, har auken i den totale sysselsetjinga vore svært stor. Det har vore registrert monaleg færre ledige enn i 1969, trass i meir liberale reglar for utbetaling av arbeidsløystønad. Også omfanget av driftsinnskrenkingar som er melde til arbeidsformidlinga, har i år som i fjor lege på eit lågt nivå.

Auken i sysselsetjinga har i absolutte tal vore om lag like stor for menn som for kvinner, men prosentvis mykje større for kvinner. Vokstere har hovudsakleg falle på industrien, på ei rad tenesteytande næringar og på byggjeverksemdar. Dei større næringane som har hatt nedgang i sysselsetjinga, er primærnæringane og utanriks sjøtransport.

Auken i sysselsetjinga av lønnstakarar i høve til i fjor låg i 1. halvår gjennomsnittleg på 33 400 eller 2,9 prosent. Dette er meir enn det doble av den tilsvarande auken i første halvår av 1969, som var på 14 700 eller 1,3 prosent. Ved utgangen av juli i år var det sysselsett 31 800 fleire lønnstakarar enn i juli i fjor, og det var registrert 1 000 færre arbeidslause.

I første halvåret 1970 vart i alt 66 verksemdar og 3 041 personar råka av driftsinnskrenkingar som vart registrerte ved arbeidsformidlinga, mot 89 verksemdar og 2 459 personar i første halvåret 1969. Driftsinnskrenkingane i år råka særleg verksemdar i primær jern- og metallindustri, kledevarerindustri, varehandel og hermetikkindustri og galdt først og fremst Rogaland, Møre og Romsdal og Telemark.

Den samla produksjonen av varer og tenester var etter førebels utrekningar 3,4 prosent større i første halvår i år enn i tilsvarande periode i fjor. Held ein sjøfarten utanfor, var auken frå første halvår i fjor 4,4 prosent.

Oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utan skip i dei åtte første månadene av 1970 var 14,7 milliardar kroner eller om lag 2 565 mill. kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdet av utførsla, den òg rekna utan skip, gjekk i same periode opp med om lag 1 100 mill. kroner til 9,8 milliardar kroner. I januar—august 1969 var det ei nettoutførsle av skip på 798 mill. kroner, medan det for same tidsrom i 1970 var ei nettoinnførsle på 168 mill. kroner.

Innførslevolumet auka med 15 prosent, medan utførslevolumet steig med 3 prosent frå januar—juli i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same perioden opp med 5,2 prosent og på utførte varer med 8,5 prosent.

I dei sju første månadene i året var netto-

valutafraktene av norske skip i utanriksfart 3 965 mill. kroner, eller 680 mill. kroner større enn i same perioden i fjor. Det var i januar—juli i år eit underskott i driftsrekneskapen med utlandet på 365 mill. kroner mot eit overskott på 1040 mill. kroner i dei sju første månadene i 1969. Underskottet på driftsrekneskapen i januar—juli 1970 og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 42 mill. kroner, til saman 407 mill. kroner, vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 227 mill. kroner og ei tildeling av spesielle trekkrettar i Det internasjonale valutafondet på 180 mill. kroner.

Jordbruket var sommaren 1970 til dels utsett for tørkeskade, men alt i alt reknar ein med bra avlingar i jord- og hagebruk. Samla husdyrproduksjon reknar ein med vil liggje på same nivå som året før.

I skogbruket vart det avverka 7,1 mill. m³ til sal og industriell produksjon i driftsåret 1968—69. Førebels oppgåver for driftsåret 1969—70 viser ein auke i avverkninga på 7 prosent frå førre driftsåret.

Utbyttet av fisket var i første halvdel av 1970 om lag 1,5 mill. tonn, mot om lag 1,1 mill. tonn i same perioden i 1969. Førstehandsverdet i første halvår 1970 var om lag 600 mill. kroner, som er om lag 135 mill. kroner meir enn i same tidsrom i fjor. Auken i fangstmengda kjem først og fremst av eit rekordarta fiske etter lodde, auka fangstkvantum av nordsjøsild og eit godt utbyte av torskefiska. Eksporten av fisk og fiskeprodukt steig frå 810 mill. kroner i første halvår 1969 til 947 mill. kroner i første halvår 1970. Eksporttilhøva for tørrfisk har også i 1970 vore vanskelege, men elles har situasjonen på eksportmarknadene for fiskeprodukt vore god.

Eitt norsk farty var med på kvalfangsten i Antarktis.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene av året om lag 4 prosent større enn i same periode i 1969. Stiginga i produksjonen var 5 prosent både i bergverksdrift og i industri, medan det var ein nedgang på 3 prosent for produksjonen i kraftforsyning, sett i høve til perioden januar—juli i fjor.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1969 auka eksportvareproduksjonen med 4 prosent, konsumvareproduksjonen med 1 prosent og investeringsvareproduksjonen med 6 prosent. Produksjonen av varer til bygg og anlegg gjekk opp med 11 prosent og produksjonen av vareinnsatsvarer elles auka med 4 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1969 var 57,2 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1970 var produksjonen 33,1 milliardar

kWh mot 34,3 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga var hausten 1970 noko betre enn på same tid i fjor. Ei sterk utbygging av overførings- og samkjøringslinjer har halde fram også dette året.

I byggjeverksemda var sysselsetjinga av lønnstakarar i gjennomsnitt for månadene januar—juli i år nesten 5 prosent større enn i same perioden i 1969. Det vart i dei sju første månadene av 1970 sett i gang arbeid med om lag like mange husvære som i tilsvarende periode året før, men med litt større areal. Talet på fullførte husvære auka med om lag 1850. Ved utgangen av juli 1970 var det 2 100 eller 7,1 prosent fleire husvære i arbeid enn ved utgangen av juli eitt år før.

For andre bygg enn bustader og landbruksbygg var igangsetjinga 4 prosent lågare i januar—juli i år enn i januar—juli 1969, medan det fullførte arealet var 1 prosent større. Ved utgangen av juli 1970 var arealet av slike bygg i arbeid 8 prosent større enn på same tid i 1969.

I anleggsverksemda var sysselsetjinga i januar—juli i år gjennomsnittleg 3 prosent større enn i tilsvarende periode i fjor.

Handelsflåten auka med om lag 134 000 bruttotonn i første halvdel av 1970 og var på 18,6 mill. bruttotonn ved utgangen av juni i år. Tanktonnasjen gjekk i første halvår ned med 235 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 6,2 mill. bruttotonn. Dette er ein auke på 1,0 mill. bruttotonn frå same tid i fjor.

Både for tørrlastskip og for tankskip var fraktene på verdsmarknaden monaleg høgre i første halvår 1970 enn i same perioden året før. Turfraktene og tidsfraktene for tørrlastskip låg 35 prosent og 38 prosent høgre enn i same perioden i fjor, medan turfraktene for tankskip viste ei stiging på om lag 80 prosent frå første halvår 1969.

Ved utgangen av august låg 4 tørrlastskip på til saman 8 000 bruttotonn og 1 tankskip på 1 000 bruttotonn i opplag.

Den innanlandske samferdsla veks stort sett i takt med aukande produksjon og stigande levestandard. Det er framleis vegtransport og lufttransport som aukar sterkast. Også godstransporten med jernbane har auka mykje i dei siste åra.

Det offentlege vegnettlet var ved utgangen av 1969 på 71 100 km. Av dei var det lagt fast dekke eller oljegrus på ca. 19 200 km. Av riksvegnettlet kunne 18 400 km eller vel 76 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på opptil 7 tonn, og på 14 700 km eller 61 prosent var 8 tonn akseltrykk tillate. Arbeidet

med å byggje og forsterke bruer held fram. Det er etablert nye ferjesamband og frekvensen i dei eksisterande sambanda er auka, og dermed er det skapt betre samanheng i vegnett i kyststroka.

Ved utgangen av 1969 var bilparken på nær 850 000 kjøretøy. Dette er ein auke på over 11 prosent, ein monaleg sterkare vokster enn i dei nærmaste åra før, noko som truleg i nokon mon kjem av uvanleg stort sal før innføringa av meirverdiavgifta. Bilparken er nesten tredobla på dei siste 10 åra. Størst har auken vore i dei fylke der biltettleiken har vore minst. Det går såleis for seg ei utjamning av biltettleiken i landet. Talet på tunge lastebilar aukar sterkt frå år til år, medan talet på mellomstore lastebilar går ned.

Vegtrafikken auka med om lag 11 prosent frå 1968 til 1969. Dette er ein mykje større auke enn i dei nærmaste åra før.

Ferjetrafikken blir driven med om lag 210 fartøy med ein samla kapasitet på om lag 4 100 personbilplassar.

Arbeidet med å rasjonalisere kyst- og lokalferdsla held fram, med omlegging av rutinar og innsetjing av nye skip.

Elektrifiseringa av Dovrebanen er no slutført. Banen blir opna for elektrisk drift fram til Trondheim 1. november d.å. Persontrafikken med jernbanen var også i 1969 prega av tilbakegang. Passasjeretalet minka med 4,3 prosent til ca. 29 mill. Trafikken på dei lange avstandane har halde seg betre oppe enn på dei stutte, der tevlinga frå privatbilane er sterkast. Godsmengda, utanom dei spesielle malmtransportane, auka i 1969 med 3,4 prosent. Malmtransportane på Ofotbanen gjekk ned med 5,3 prosent i 1969, og det har samanheng med streiken ved LKAB og eit større toguhell ved banen. Produktiviteten ved Statsbanene, målt i transportarbeid pr. tenestemann, auka med bortimot 4 prosent frå 1968 til 1969.

Utviklinga av det innanlandske og internasjonale flyrutenettet heldt fram i 1969 med nye ruter, auke frekvensar og større fly. Stamruteplassen på Kvernberget vart klar for trafikk 1. juli 1970. Prosjektering av stamruteplass på Evenes er i gang. Det blir bygd ut 3 kortbaneplassar mellom Bergen og Kristiansund N. Planleggingsarbeidet for tre kortbaneplassar i Lofoten—Vesterålen har teke til. Heile det innanlandske stamrutenettet blir no trafikkert med jetfly. På dei innanlandske flyrutene har passasjeretalet halde fram med å auke sterkt. På dei internasjonale rutene var det totalt sett ikkje nokon auke i passasjeretalet, men trafikkstiginga var likevel stor på nokre viktige ruter mellom Noreg og utlandet.

Ved utgangen av 1969 var det installert om

lag 1,1 mill. telefonapparat ved telefonanlegga og tilknytingsnetta til Televerket. Dette er ein auke på 5,3 prosent frå 1968. Telefontettleiken er dermed kommen opp i 28 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Etter at det sidan 1956 har vore ein jamn nedgang i talet på telefoningarar på venteliste, auka talet i 1969. Ved utgangen av 1970 ventar ein at om lag 23 000 vil stå på venteliste, mot ca. 17 800 eitt år før, trass i at om lag 38 000 nye abonnentar vil få telefon i 1970. Auken på ventelistene kjem først og fremst av stadig stigande etterspurnad etter telefon, noko som vel igjen heng i hop med den allmenne velstandsutviklinga. Televerket har i sterkare grad enn før også mått konsentrere seg om tiltak med sikte på å forbetre trafikkavviklinga på telefonnettet. Det har vore ein auke i dei ymse trafikkgreiner i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken, som er i tilbakegang. Særleg sterk har stiginga vore for automatiske rikstelefonsamtalar. Om lag 95 prosent av den utgåande rikstelefontrafikken blir no avvikla utan ventetid. Av den samla innanlandske rikstelefontrafikken vart 39 prosent avvikla automatisk i 1969, og ein nesten like stor del av telefontrafikken til utlandet.

I Postverket auka talet på sendingar med 2,8 prosent frå 1968 til 1969, og nærmar seg no ein milliard. Talet på poststader var i 1969 komme ned i under 3 700 som ein lekk i ei omlegging til færre og større poststader. Som eit motstykke til nedlegginga av faste poststader, har det gått for seg ei snøgg utvikling i landpostbodtenesta. Den veglengda som vart tilbakelagd i landpostbodrutene og lokalbodrutene steig såleis med om lag 11 prosent frå 1968 til 1969.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei første 8 månadene i året 9,8 prosent høgre enn i tilsvarende periode i fjor. Om lag 5,8 prosent av stiginga frå i fjor kjem av at meirverdiavgift vart innført frå årsskiftet. Denne auken vart det gjeve kompensasjon for ved at skattane vart reduserte og trygdene auka. Frå januar til august 1970 steig indeksen med 3,5 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei første 8 månadene i året 6,8 prosent høgre enn i tilsvarende periode året før.

For utviklinga i dei private inntektene i 1970 har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønnstakarinntektene før skatt, rekna pr. årverk i 1970 vil bli ca. 9 prosent større enn i 1969. Den private disponible realinntekta vil, så langt ein no kan dømme om det, auke med rundt 9 prosent frå 1969 til 1970.

Det private forbruket var i førs-

te halvår 1970 etter førebels utrekninger knapt 2 prosent større enn i tilsvarende periode i fjor. For heile 1970 blir det rekna med ein auke i overkant av 3 prosent i høve til 1969.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital gjekk opp med om lag 16 prosent frå første halvår i fjor til første halvår i år. Bruttoinvesteringane i skip auka med 66 prosent, medan det for bruttoinvesteringar i fast realkapital utanom skip var ein volumauke på vel 8 prosent frå første halvår 1969 til første halvår 1970.

Kredittpolitikken har også i 1970 i stor mon bygd på bruken av Kredittlova. Auken i utlåna til næringslivet, kommunar og privatpersonar frå innanlandske kredittinstitusjonar har hittil i år vore ein god del større enn i 1969. Det har i år vore ein etter måten stor nettokapitalinngang frå utlandet til næringslivet, kommunar og privatpersonar, medan det i 1969 var ein heller stor nettoutgang av kapital.

Finanspolitikken har hittil i år ført til ei mykje mindre likviditetsinnndraging frå bankar og publikum enn i 1969. Statens opptak av obligasjonslån var i same tidsrommet noko større enn i fjor.

Effektiviseringsarbeidet i statsforvaltninga følgjer dei retningslinjer som er dregne opp gjennom Statens rasjonaliseringsråd, med prioritering av prosjekt som har verdi for heile eller store delar av forvaltninga. Det er lagt særleg vekt på systemutvikling knytt til elektronisk data-behandling.

Opp læringsprogramma for utdanning av tenestemenn til effektiviseringsarbeid, både sentralt og i dei ein skilde statsinstitusjonane, er vidare utbygd.

Den kommunale aktiviteten er stor. Kommunane er framleis under økonomisk press. Dette kjem dels av dei store krava som blir sette til kommunane, og dels av at driftsutgiftene har auka. I 1970 nytta 446 av dei 451 kommunane i landet høgste skattøyre. I 1971 vil det bli brukt 335 mill. kroner til ordinær kommunal skatteutjamning og ca. 190 mill. kroner som tilskott til vegutgiftene i fylka. Etter stortingsvedtak vil kommunesektoren i 1971 dessutan få ei budsjettaavlasing i form av eit særskilt tilskott på 132,5 mill. kroner av Skattefordelingsfondet med sikte på å oppnå ei samla avlasing på 235 mill. kroner. Verknaden av endringane i skattesystemet vil bli kompensert med særskilde tilskott.

Arbeidet med region- og generalplanlegginga held fram i auka omfang.

Arbeidet med planlegging og sikring av om-

råde for allmenne friluftsmål er ført vidare. Det same gjeld kartlegging og vern av naturområde. Som nasjonalparker er freda Øvre Pasvik og Stabbursdalen i Finnmark. Ånderdalen i Troms og Gressåmoen i Nord-Trøndelag.

Den mellombels strandlova frå 1965 vart ved lov frå 19. juni 1970 lengd til 1. juli 1971.

Distriktsutbyggingsfondet gav i fjor tilsegn om lån og garantiar for i alt 331 mill. kroner mot 245 mill. kroner i 1968. Talet for første halvår 1970 var 259 mill. kroner.

Til flytting av verksemder og til spesiell opplæring og oppstarting vart det i fjor gjeve tilsegn om tilskott med ein samla sum på ca. 6,5 mill. kroner mot ca. 5,5 mill. kroner i 1968.

Ved dei 5 industrivekstanlegga som er utpeikte, er det teke i bruk utleigebygg i Verdal, Førde og Risør. Dei ferdige bygga har til saman eit areal på ca. 14 000 m². Dei verksemder som har flytta inn, sysselset i alt ca. 225 personar. Nye bygg på i alt ca. 10 000 m² er under reising.

Som utbyggingsområde etter lov av 19. juni 1969 om særlege skattereglar til å fremje distriktsutbygging er det foruten Nord-Noreg utpeika 136 kommunar i Sør-Noreg, og ordninga med refusjon av avgift på investeringar er sett i verk. For i år er det løyvd 40 mill. kroner og i tillegg gjeve tilsegnsmakt for 40 mill. kroner til dette formålet.

Lov om lokaliseringsrettlegg vart vedteken 20. mars 1970. Det blir arbeidd med å etablere eit eige sekretariat for Lokaliseringsutvalet. Så snart eit slikt sekretariat er skipa, vil ordninga med meldeplikt for verksemder i visse område bli sett i verk.

Grunnpensjonen frå folketrygda vart frå 1. januar auka frå kr. 6 400 til kr. 6 800. Det er sett i verk tiltak som tek sikte på å gjennomføre ei snøggare behandling av søknadene om uførepensjon etter folketrygdlova. Ordninga med særtillegg er utvida, og det er lempa på føresegnene om samordning med andre pensjons- og trygdeytningar. I samband med gjennomføringa av meirverdiavgifta blir det frå 1. januar ytt eit kompensasjonstillegg til pensjonane frå folketrygda. For den som har full trygdetid, er tillegget kr. 500 for einslege og kr. 375 for kvar ektemake som begge har pensjon frå folketrygda.

Med verknad frå 1. januar vart sjuke-trygdlova endra for å tilpassast den nye sjukehuslova. Kontantyttinga frå sjuketrygda vart samstundes auka. Premietariffen og satsane for tilskotta frå staten og kommunane til sjuketrygda er òg endra.

I yrkesskadetrygda er høgste trygda arbeidsinntekt heva frå kr. 24 000 til kr. 30 000

for året for skadetilfelle som har hendt etter 31. desember 1969, og det er gjeve tillegg til løpande pensjonar frå 1. januar 1970.

Det er innført barnetrygd også for første barn samstundes med at stønadssatsane i barnetrygda elles vart monaleg auka frå 1. januar i samband med den nye skatteordninga.

Pensjonane frå Pensjonstrygda for skogsarbeidarar er auka frå 1. januar, slik at fullpensjon ved 1500 premieveker er på kr. 6 750 for året.

Løpande pensjonar frå Pensjonstrygda for sjømenn er auka med 8 prosent frå 1. januar.

I fire fylke er det skipa ei stilling som sosialkonsulent.

Som ein lekk i arbeidet for å fremje eldreomsorga er det skipa eit rådgjevande og koordinerande Råd for eldreomsorga, med representantar for organisasjonar og styremakter.

Sosial bruksforskning er utvida til å omfatte nye klientgrupper innan sosial- og eldreomsorga, uføretrygda, sosialmedisinen og omsorga for alkoholistar, narkomane og lausgjengarar.

Ved utgangen av 1968 var det 9 100 born under vernetiltak av barnevernsnemndene, av dei var 5 100 under omsorg i fosterheimar eller institusjonar. Det er framleis svært vanskeleg å skaffe høvelege behandlingstilbod for dei born og unge som er særleg åtferdsvanskelege.

Alkoholforbruket var i fjor 4,47 liter — omrekna i rein alkohol og rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar som er 15 år og eldre — mot 4,32 liter i 1968. Talet på drukkenskapsmisferder var i fjor 35 370 mot 37 085 i 1968. Pr. 1 000 innbyggjarar (15 år og eldre) blir dette 12,2 misferder i fjor mot 12,9 i 1968.

I første halvår 1970 var talet på drukkenskapsmisferder 17 600 mot 17 541 i 1. halvår 1969, dvs. ein oppgang på 0,3 prosent.

Den allmenne helsetilstanden må seiast å vere god. Det har i året ikkje vore epidemiar av farlege smittsame sjukdommar.

Også i vårt land må det leggjast større vekt på den aukande tilskitninga av det naturlige miljøet som årsak til nedsett trivsel blant dei som bur i byområde og industristader, og ein må prøve å førebyggje direkte helsefarlege følgjer av tilskitninga. Det er derfor lagt opp eit omfattande program med sikte på å få kartlagt førekomsten i næringsmiddel og i naturen av stoff som i større mengder kan utløse sjukdommar, slik at det blir mogleg å gripe inn i tide. Gjennomføringa av dette programmet har teke til. Det lovtekniske grunnlaget er lagt til rette for at kommunane skal kunne verne seg mot helsefarleg

tilskitning i hyttebyar og friluftsområde, og ein prøver å stimulere arbeidet gjennom praktiske råd og opplysningsmateriale.

Den generelle skorten på lækjarar kjennest framles sterkast i helsetenesta utanfor sjukehus. Søkninga til ledige offentlege lækjarstillingar har vore betre siste året enn i noko anna år etter krigen, men personellsituasjonen er likevel stendig vanskeleg, først og fremst i kystdistrikta nordpå.

Det blir framleis arbeidd med tiltak for å betre rekrutteringa til offentlege tannlækjarstillingar med sikte på eventuell avvikling av siviltenesta frå 1. juli 1971 slik som føresetnaden var ved siste lenging av den mellombels lova om sivil tenesteplikt for tannlækjarar.

Sjukehuslova frå 19. juni 1969 tok til å gjelde 1. januar. Lova legg på fylka ansvaret for planlegging, oppføring og drift av sjukehus og andre helseinstitusjonar. Sjuketrygda skal dekkje 75, seinare 85 prosent av godkjende driftsutgifter. Driftsbudsjettet kan belastast utgifter til amortisering og renter med $\frac{3}{4}$ av godkjende kostnader.

Førearbeidet i samband med sentralregistrering av funksjonshemma er sett i gang. I samråd med organisasjonane er opplysnings- og rettleingsarbeidet for foreldre med funksjonshemma born intensivert.

Utbygginga av åndsveikeomsorga, epileptikaromsorga og det psykiske helsevernet har halde fram, dels med sikte på å utvide kapasiteten, dels for å gje plass for undervisning, arbeidstrening og fysisk og sosial aktivitet. Spesielt er det lagt stor vekt på utbygging av andre tilbod enn institusjonalisering.

Utbygginga av familievernkontor held fram.

I samsvar med Stortingets vedtak arbeider ein med ein monaleg auke i tiltaka for å rå med narkotikavundet. Utbygginga av Statens senter for barne- og ungdomspsykiatri er stort sett fullført ved at skolebygget er ferdigstilt og teke i bruk frå dette skoleåret.

Ved utgangen av 1969 var det i drift 670 daginstitusjonsavdelingar for barn i førskolealder. Det er ein auke på 74 avdelingar frå året før.

Utbygginga av hjelpeordningar for heimane, særleg med sikte på hjelp for eldre, går no etter måten snøgt. Pr. 1. januar var om lag 17 000 personar i 435 kommunar sysselsette innan hjelpeordningane.

Varefakta-Komiteen er frå 1. januar omorganisert og knytt nærmare til staten. Ved sida av arbeidet for friviljug merking av forbruksvarer er komiteen no pålagt viktige oppgaver i samband med gjennomføring av lov om merking av forbruksvarer.

Under ordninga med statstilskott til landbruksvikarar, som vart innført i fjor vår, er det førebels registrert 111 stillingar på heiltid og 7 på deltid. I alt 178 kommunar har anten alt innført ordninga eller har aktuelle planar om å gjere det.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjett i 1970 er om lag 5,5 milliardar kroner, eller 6,1 prosent av samla tilgang av varer og tenester til rådvelde.

I kyrkja er det no 1 038 prestestillingar for utan feltprestane. Skorten på søkjarar gjer seg framleis gjeldande.

Talet på elevar og studantar i skoleåret 1970—71 er om lag 750 000.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 640 000. Om lag 400 kommunar er i gang med forsøk med 9-årig skole i 1970—71.

I spesialskolane var det i siste skoleåret 3 140 elevar ved 60 statlege og 11 kommunale skolar. I tillegg er det i gang særlege klassar for evneveike, hørselsveikka og born med dårleg syn i 9 kommunar med i alt 92 elevar. I skoleåret 1970—71 er det skipa særlege klassar i 9 kommunar til. På ungdomssteget var det i 1969—70 undervisning ved 24 skolar. I 1970 er det i gang byggjearbeid ved 8 statskolar. 3 av prosjekta skal etter planen vere ferdige i år.

I realskolen er det om lag 36 380 elevar; det er rekna med ein nedgang på ikring 8 500 elevar i samband med overgangen til 9-årig skole.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år om lag 15 000 eller 25 prosent av årskullet. I skoleåret 1970—71 vil det vere om lag 50 000 elevar i gymnas og handelsgymnas. Karasjok gymnasklassar med samisk vart sette i gang hausten 1969, og har no 2 steg i gymnaset. I tillegg til dei 4 reformgymnasa som vart sette i gang hausten 1969, har 4 nye skolar frå i haust sett i gang undervisning etter reformgymnas-opplegg. På 4 stader er det skipa 2-årig grunnkurs etter framlegg frå Skolekomiteen av 1965.

Elevtalet i folkehøgskolane er om lag 6 900. Om lag halvdel av elevane tek del i vidaregåande kurs. Det er i skoleåret 1970—71 sett i gang forsøk med folkehøgskoleprega internatskolekurs for 16-åringar.

I lærarskolane er det no om lag 6 900 elevar. I tillegg kjem 1 500 elevar i faglærarskolane. I skoleåret 1969—70 vart det uteksaminert 2 300 nye lærarar og om lag 700 nye faglærarar, 535 elevar har teki vidareutdanning opp til eitt skoleår.

Reising av nye undervisningsbygg for folkeskolen, spesialskolane og dei vidaregåande skolane held fram. Om lag 680 000 m² skole-

bygg er no arbeid. I fleire kommunar blir det arbeidd med nye typar planløysingar.

Utbygginga av yrkesskolane for handverk og industri og for handel og kontorarbeid held fram med skiping av vidaregåande liner i begge skoleslag. Elevtalet i yrkesskolane for handverk og industri er auka med 1 000 heilårselevar til 17 800. I yrkesskolane for handel og kontor auka elevtalet med om lag 1 000 til 9 700. Elevtalet i dei tekniske skolane er stabilt. Yrkesskolane for handverk og industri har fått nye undervisningsplanar i dei sentrale faga mekanikarfag og elektrofag. Det er innført offentleg eksamen ved den 3-årige skolen for utdanning av radio og TV-reparatørar. Prøveklassar med undervisning i fiske-tilverknad, bygg og anlegg for industriell prosessregulering er sett i gang. Nye planar for utdanning av tannlækjarassistentar og apotekteknikarar er ferdige. Både yrkesskolane i handverk og industri og handel og kontorarbeid er med i forsøka etter framlegg frå Skolekomiteen av 1965.

Ved dei tekniske skolane blir undervisninga i EDB vidare utbygd. Det er sett i gang tilleggsutdanning for maritime maskinsjefar som dermed får full ingeniørutdanning. For fiskeindustrien er det i gang eitt-årig tilleggsutdanning i både foredlingsteknikk og driftsteknikk. Dei nye tekniske fagskolane blir snøgt utbygde. Elevtalet ved desse skolane aukar over heile landet.

I dei maritime skolane held ein fram med forsøk med sikte på nye strukturar for utdanning av offiserar til handelsflåten.

Arbeidet med vaksenopplæring i skoleverket har kome godt i gang. Talet på tiltak er auka frå 30 i 1969 til om lag 100 frå hausten 1970.

Dei friviljuge opplysningsorganisasjonane får tilskott etter gjeldande reglar. Studiearbeidet viser sterk auke.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring som lekk i arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikken. Siste skoleåret vart det under Kyrkje- og undervisningsdepartementet skipa til om lag 600 kurs med ca. 7 000 deltakarar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar er i haust om lag 28 000. Talet på norske studantar som blir utdanna i utlandet, minkar og ligg no på om lag 3 300.

Frå og med i haust er det ved Universitetet i Oslo gjennomført ein såkalla kriseplan for utdanning av medisinarar, og dermed er utdanningskapasiteten auka med 35 plassar.

Planleggingsarbeidet for dei nye universiteta i Trondheim og Tromsø held fram under leiing av interimsstyra. I Trondheim er det

halde ei nordisk arkitekttevling om disponering av det nye universitetsområdet. I Tromsø er tomtevalet avgjort, og det er teke prinsippavgjerd om å setje i gang undervisning i medisin og andre fag i provisoriske lokale snarast råd er. Det er oppnemnt Interimsstyre for høgre fiskeriundervisning.

Ved dei 3 distriktshøgskolane som vart opna i 1969, er undervisninga i gang med om lag 500 studentar. Det blir arbeidd med å lage nye studietilbod. Utdanning i transportfag har alt teke til. Planar for teknisk utdanning og EDB-utdanning er snart ferdige. For dei 3 nye distriktshøgskolane som Stortinget gjorde vedtak om i vår, er det oppnemnt styre og direktørar, som er i gang med førebuande arbeid.

Pr. 1. juli hadde 1 157 025 løyst radiolisens og 816 941 fjernsynslisens.

Etter drøftingane i Stortinget om språkmeldinga blir det arbeidd vidare med dei ulike spørsmål som knyter seg til meldinga, mellom anna skiping av eit språkråd til avløysing av Norsk språknemnd.

Det er i år teke i bruk 17 nye samfunnshus, 6 idrettshallar, 37 symjeanlegg og ei rad utandørs idrettsanlegg av ymse slag, som har fått stønad av tippemidlar.

Som resultat av endringa av tippelova og auka omsetnad fekk idrettsarbeidet 1,4 mill. kroner meir i 1970 enn i fjor.

I haust er det skipa elevsamskipnader for elevar i dei tekniske og maritime skolane.

Ordninga med særlege stipend til elevar i skoleverket er betra saman med låneskipnaden for ungdom under utdanning. Lærlingar er frå i haust komne med i ordninga med bortebruarstipend.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Herre Konge, Deres Kongelige Høyhet!

Det 115. ordentlige Storting som i dag er åpnet av Deres Majestet, er det andre i denne valgperiode.

Trontalen omhandler mange og viktige saker som dette Storting vil få til behandling.

De internasjonale problemer opptar i denne tid våre tanker i særlig grad. Utviklingen har ikke ført til den avspenning som vi har ønsket og håpet på. Verden er preget av uløste problemer, latente motsetninger og mangel på tillit. Det pågår fortsatt væpnede konflikter flere steder i verden. Det er vårt inderlige håp at tvistespørsmålene statene imellom må bli løst gjennom forhandlinger. Som Deres Majestet uttalte i trontalen, vil det bli en sentral oppgave fortsatt å arbeide for mellomfolkelig sikkerhet og internasjonal avspenning. I sine

bestrebelse for å nå dette mål vil Kongen og hans råd alltid kunne regne med medvirkning fra Stortingets side.

De innenrikspolitiske oppgaver vil ta det meste av Stortingets tid. De spenner over vide felter og vil få betydning for vesentlige deler av norsk samfunnsliv.

En sak merker seg ut som særlig viktig. Det er Norges forhold til de europeiske økonomiske fellesskap, hvor vårt land står overfor avgjørelser av stor rekkevidde.

Stortingets gjerning er ansvarsfull. Folkets representanter deler det håp som Deres Majestet uttalte — at denne gjerning må bli til gagn for fedrelandet.

I forvissning om at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.

Møte mandag den 5. oktober kl. 10.

President: Ingvaldsen.

Dagsorden (nr. 1):

1. Finansministerens redegjørelse for statsbudsjettet.
2. Referat.

Minnetale over tidligere stortingsrepresentanter Didrik Cappelen, Ola Olson Dønheim, Arne Magnussen og tidligere representant og visepresident i Stortinget Johan Wiik.

President: Ærene medrepresentanter!

Tidligere stortingsrepresentant, sorenskriver Didrik Cappelen døde den 21. august, nær 70 år gammel. Han var født 8. oktober 1900 i Kviteseid.